

# FØRSKULEGRUPPE.



**Førskulegruppa er for dei eldste barna i barnehagen. Her møtes barn på tvers av avdelingane.**

**Borna sitt siste år i barnehagen er verdifullt i seg sjølv. Det er eit år dei ser fram til. Førskulegruppa er noko av det som gjer det siste barnehageåret spesielt.**

## **MÅL: Bli kjent med kvarandre**

Rammeplanen (side 23)

**«Sosial kompetanse er ein føresetnad or å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne.»**

Vi vil at barna frå Hatlehaugen barnehage skal starte på skulen med positive haldningar om seg sjølv, til andre og kulturelt mangfald.

## **Tiltak for å nå måla:**

- Alle lærer namna til kvarandre
- Alle helse på kvarandre med namn (t.d. velkomstsong)
- Aktivitet og leik på tvers av avdelingane.
- Aktivitetar som turar, forming, konstruksjonsleik, spel, songleikar, regelleik mm.
- Dei vaksne styrer nokre gonger kven som leikar i lag. Dette for å unngå at barna grupperer seg i lag med dei dei kjenner frå før.
- Teiknar seg sjølv og sin familie. Presenterer den for dei andre i førskulegruppa og resten av huset. Teikningane kan hengas opp på veggen på kjøkkenet.
- Filosofering. Stille spørsmål: Kva vil det sei å vere...? Kva om...? Korleis hadde det vore om...?
- Dei vaksne styrer nokre gonger kven som leikar i lag. Dette for å bidra til at alle vert kjende med kvarandre og leikar saman.

## **MÅL: Språkstimulering**

Rammeplanen (side 23)

**Alle barn skal få gode språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.»**

Med utgangspunkt i det som står i rammeplanen ovanfor ynskjer vi å jobbe mot at alle i førskulegruppa skal lære seg å:

- Skrive sitt eige namn eller sin eigen bokstav
- Kunne ei regle eller eit rim
- Kunne fortelje ein vits, ei gåte eller ei forteljing/eventyr

### **Tiltak for å nå måla:**

- Rim og regler
- Vitsar og gåter
- Ellingar
- Tekstskaping
- Høgtlesing
- Fargar
- Størrelsar og mengde
- Alfabetet heng synleg for barna
- Magnet-bokstavar
- Ulike spel

### **MÅL: Mengd, rom og form**

Rammeplanen (side 53)

**«Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved sjølv vere kreative og skapande.»**

På førskulegruppa vil vi jobbe mot at alle barna kan gjenkjenne talsymbola frå 1 til 10.

Vi vil ha aktivitetar som bidreg til at alle barna har ein grunnleggjande forståing av dei mest nytta omgrepa om form, storleik og mengde.

### **Tiltak for å nå måla:**

- Tal heng synleg for barna
- Former(firkant, trekant og runding/sirkel)
- Storleik (stor og liten, størst, minst og mellomst)
- Mengde (mange, få og den totale mengda)
- Ulike spel
- Magnet - tal



### **MÅL: Skuleførebuing og overgang til skule**

Rammeplanen (side 33)

**«Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evne»**

### **Tiltak for å nå måla:**

- Rekke opp handa når ein vil ha ordet
- Vente på tur
- Lytte til den som snakkar
- Lære seg å høyre etter og kunne ta imot informasjon frå vaksne ...
- Friminutt
- Vise omsyn til kvarandre og inkludere kvarandre (solidaritet)
- Snakke positivt til kvarandre og seie fine ting om kvarandre

- Barna besøker skulane sine på skulane sine opplegg for dei som skal begynne i 1.klasse. Har ikkje skulen eige opplegg for dette gjer vi avtale om besøk.
- Pedagogisk leiar på kvar avdeling har ansvar for å sende skrifteleg informasjon til skulen.
- Samarbeidsmøte med skulen

## MÅL: Medverknad

Rammeplanen (s. 27)

«Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen»

### Tiltak for å nå måla:

- Borna får utale seg om aktivitetar på førskulegruppa. Dei vaksne har dette med til si planlegging. Kva likar dei gjere. Kva likar dei mindre.
- Borna får kome med ynskjer til aktivitetar. Kvar skal ein gå på turar. Kva mat skal ein ha på festar/ markeringar for førskulegruppa.

### DOKUMENTASJON:

- Kvart barn har ein perm som inneheld teikningar og oppgåver/aktivitetar.
- Vi tek foto av aktivitetar. Borna får utdrag av desse i permen sin.
- Permen til dei vaksne inneheld planar, gjennomførte samlingar, tekstskaping frå barna om korleis dei opplevde utvalde samlingar eller aktivitetar.
- Tekstskapinga vert trekt inn i planlegginga for at ein skal kunne tilpasse samlingane utifrå barna sine behov og modning. Dette for å gje barna utfordring på sitt nivå og noko å strekke seg vidar mot.
- Dei vaksne gjev tilbakemelding til barna, med bakgrunn ifrå tekstskaping/samtaler. Når tekstskapinga/samtalen har ført til endring i samling/ aktivitetar/ leik.
- Tilbakemelding til dei enkelte pedagogiske leiarane angående barna når barna treng ekstra hjelp og støtte (tiltak), utifrå mål og tiltak.

Dokumentasjonsform vert bestemt på planlegging av samlingane.

Det vert nytta varierte dokumentasjonsformer på samlinga.

